



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3788 - 19/32954

Saksbehandlar:  
Kari Hesjedal  
kari.hesjedal@lindas.kommune.no

Dato:  
12.11.2019

## Svar til Fylkesmannen vedr sakshandsamingstid

Viser til brev frå Fylkesmannen i Vestland i en klagesak. Brevet er datert 29.10.19. Fylkesmannen ber om informasjon om kva Lindås kommune gjer for å handsame søknader om korttidsopphald utan ugrunna opphald. Under er svaret frå kommunen.

Lindås kommune har eit forvaltningskontor som har ansvar for sakshandsaming og tildeling av helse-og omsorgstenester.

Forvaltningskontoret har rutine for å prioritere fortløpande alle saker om helsetenester (i heim eller i institusjon). Forvaltningskontoret har også tilstrekkeleg med bemanning for å sikre dette.

Kontoret har per i dag 5,2 årsverk til sakshandsamingsoppgåver. Sakshandsamarane har tverrfagleg kompetanse, herunder opplæring og kursing. I Alver kommune vil forvaltningskontoret få 10 årsverk til sakshandsaming.

Alle sakshandsamarar gjennomgår regelmessig si sakliste, og vurderer nye saker løpande for å avgjere kva saker dei må prioritere, og kva saker som kan vente, eller kva saker det skal sendast førebels svar i.

Dersom sakshandsamarar vurderer at søknader/henvendingar om helsetenester ( t.d. korttidsopphald) må imøtekomast snarleg, men at det kan ta nokre dagar å ferdigstille sjølve vedtaket, så er rutina å straks sette i gang med tenesta og orientere brukar/næraste pårørande om dette. Utsending av vedtaket vert teken i etterkant.

Ved sjukefråvær hjå sakshandsamarar er det rutine for å omfordele saker til andre sakshandsamarar.

Vi håper dette var svar på fylkesmannen sitt spørsmål.

Med helsing

Kari Hesjedal  
avdelingsleiar



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER